



Kommunane i Møre og Romsdal

Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar 12. og 13. juni 2013

Fylkesmannen i Møre og Romsdal inviterer til fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar på Grand Hotel Bellevue på Åndalsnes 12. og 13. juni.

Hovudtemaet under samlinga blir presentasjon, gjennomgang og diskusjon av «**Mønster kommune**». Mønster kommune er den 37. kommunen i Møre og Romsdal, og der har dei det meste på stell. Dei er ikkje på ROBEK, og dei er ein føregangskommune i å ta i bruk CIM.

I åra framover skal vi i Møre og Romsdal bruke Mønster kommune sin CIM-installasjon til å samle malar og gode eksempel, til demonstrasjonar av korleis CIM kan brukast, som diskusjonsgrunnlag og til inspirasjon og begeistring.

Andre tema som blir tekne opp er erfaringar frå kommunar som har teke i bruk sms-varsling, både i eigen organsisasjon og til varsling av innbyggjarane, kva som kan forventast under beredskapstilsyna som vi begynner med i haust og fylkesROSen som er i arbeid.

Program ligg vedlagt.

Påmeldingsskjema ligg på fylkesmannen sin nettstad, www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal, under lenka «kurs og konferansar» nedst på sida. **Frist for påmelding: 6. juni 2013.**

Spørsmål om påmeldinga kan rettast til Kjellaug F. Finnøy på telefon 71 25 80 67 eller epost: fmmkurs@fylkesmannen.no. Spørsmål om programmet eller opplegget kan elles rettast til Odd Morten Taagvold på telefon 71 25 84 84 eller epost fmmrotda@fylkesmannen.no.

Med helsing

Ketil Matvik Foldal (e.f.)
Fylkesberedskapssjef

Odd Morten Taagvold
Rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

1 Fagsamling for kommunale beredskapsmedarbeidarar – Program